

## VEDLEGG 6

### Tertiアルrapport 1/16 – Konsesjonskraftomsetjing

	2016	2017	2018	2019	2020
Budsjett 2016/Øk.plan 17-20	48 000	42 500	41 000	40 900	40 900
Ny prognose T 1/16	43 000	30 500	23 000	19 000	24 500
Endring	-5 000	-12 000	-18 000	-21 900	-16 400

#### Føresetnader Budsjett 2016/ øk. plan 2017-2020:

Budsjettføresetnadane for 2016/ økonomiplan 2017-2020 er basert på marknadsprisar og valutakursar per hausten 2015 og kjend konsesjonskraftmengde i 2015 - 394 Gwh. Kostnadane med kjøp av konsesjonskraft inkl. innmatingsavgifter er berekna til 13,14 øre/Kwh, (10,60 + 2,54). Kostnader med bistand frå Markedskraft, Kommunekraft, ulike gebyr etc. er berekna til 1,0 mill. kr.

For 2016 skal vi - etter vedteken sikringsstrategi for kraftsal – ha pris- og valutasikra 80 % av tilgjengeleg volum ved inngangen til budsjettåret. Andel pris- og valutasikra konsesjonskraft er pr. 30.04 på 68,12 %. Den låge sikringsdelen har si årsak i at fylkesrådmannen har nytta si fullmakt, jf. strategien pkt. 5, som har følgjande ordlyd:

*«Det vert gjeve høve til å avvike frå den vedtekne normalstrategien dersom prisforventningane i Markedskraft sin modell avvik meir enn 3 Euro frå marknadsprisen. Ein kan da enten auke eller redusere allereie sikra volum med inntil 30% av volumet i aktuell periode. Fylkesrådmannen får fullmakt til å ta ei slik avgjerd»*

Ein slik situasjon har vi hatt i 3. og 4. kvartal 2015. Fylkesrådmannen vil så snart som marknaden tilseier det få sikringsdelen innafor normalstrategien igjen.

#### **Ny prognose 2016**

Ny prognose for konsesjonskraft byggjer på marknadsprisar og valutaprisar pr. 30. april 2016.

Den nye prognosene byggjer vidare på faktisk mengde konsesjonskraft for 2016 – 386 Gwh – ein reduksjon på 8 Gwh i høve 2015. Reduksjonen skuldast eit høgare samla uttak av konsesjonskraft i kommunane.

Vår innkjøpspris (OED – pris) for 2016 er fastsett til 11,42 øre /kwh – ein auke på 0,82 øre/kwh. Isolert gjev dette auka innkjøpskostnader på om lag 3 mill. kr. På den andre sida er kostnadane med innmatting etc. særer usikre og i budsjettanslaget for 2016 (13,14 øre) er innmatingskostnadane vurdert om lag 0,5 øre for høgt. Innkjøpskostnadane samla for 2016 vert auka frå 13,14 øre/kwh til 13,5 øre/kwh (11,42 + 2,08), noko som medfører ein meirkostnad på 1,4 mill. kr.

Vår prognosemodell tek utgangspunkt i systemprisen på evalueringstidspunktet. Vår kraft vert imidlertid selt i område 5 (Vest-Norge). Områdeprisen og systemprisen vil ofte avvike frå kvarandre – både positive og negative avvik. I tillegg har konsesjonskrafta ein meirverdi som Markedskraft prøver å maksimera. I våre budsjettprognosar er desse vurdert til 0. Korleis utviklinga ut året vil bli er usikkert og fylkesrådmannen rår til at vi avventar ev. endringar til T2/16.

Ny prognose for 2016 er:

	Mill.kr
	2016
Budsjett 2016	48 000
Ny prognose T1/16	43 000
<b>Endring</b>	<b>-5 000</b>

Reduksjonen i høve opprinnelige prognose skuldast i hovudsak endra prisar – innkjøpskostnadane har auka kombinert med at salsinntekter er redusert – og redusert konsesjonskraftmengde.

### **Prognose 2017 – 2020**

Ny prognose for åra 2017 – 2020 baserar seg på same grunnlag som ny prognose for 2016. Ved rullering av planperioden er år 2020 sett lik 2019. Spotprisen på kraft har over lengre tid vore låg og prisbilete framover i planperioden er også lågt. Årsprisane ligg i underkant av 20 øre/kwh. Det er forventa at prisen skal stige igjen frå 2020 og utover. I planperioden sler dei låge prisane i marknaden gradvis inn i våre prognosar i takt med redusert sikring, jf. sikringsstrategien. I høve gjeldande økonomiplan gjev dette følgjande ny prognose:

	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>
Budsjett 2016/Øk.plan 2017-2019	42 500	41 000	40 900	40 900
Ny prognose T1/16	30 500	23 000	19 000	24 500
<b>Endring</b>	<b>-12 000</b>	<b>-18 000</b>	<b>-21 900</b>	<b>-16 400</b>

I arbeidet med økonomiplan 2017 – 2020 er konsesjonskraftinntektene blitt redusert, og det er der lagt til grunn ein prognose med basis i prisar pr. 20.04.2016. Denne prognosan avviker noko i høve prognosane pr. 30.04.16. Når det gjeld budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020 vert det endelege budsjettet på sal av konsesjonskraft fastsett med prognosar pr. 2 tertial 2016.